



Arkivnr: 2014/8-5

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval

Møtedato

Fylkestrafiksikringsutvalet

07.05.2013

Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2014

Samandrag

Det er eit ynske hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2014 er det sett av 500.000,- kr.

Det var motteke to søknader til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen som var sett til 01.05.14. Dette er nokre færre enn dei tre førregåande åra.

Kommunane kunne søkja om tilskot til mellom anna nødvendig innleige av hjelp til utarbeiding av plan, trykking osb., men ikkje til bruk av kommunale ressursar. Det er søkt om midlar på til saman 242.000,- kroner.

Forslag til vedtak

1. Sund kommune får tildelt tilskot på 50.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Fusa kommune får tildelt tilskot på 192.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Johnny Stiansen
konst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Søknad frå Sund kommune

Søknad frå Fusa kommune

Fylkesrådmannen, 30.04.2014

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Denne tilskotsordninga har fungert godt dei tre førregåande åra, og det er fyrste gong det er eit mindreforbruk på denne posten. Tidlegare har ein måtte be nokre av kommunane søkje på nytt året etter. Både Sund og Fusa kommune fekk avslag på søknaden i 2013, og vart oppmoda om å søkje på nytt i 2014.

Fylkesrådmannen står oppunder søknadane frå kommunane, og rår til at kommunane får tildelt den søknadssummen dei her søker om.